



Arkivnr: 2014/11765-3
Saksbehandlar: Arthur Kristian Arnesen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.01.2015

Gjennomgang og vidareføring av samarbeidsavtalar med regionale næringsretta utviklingsaktørar for 2015 og for perioden 2015 til 2017.

Samandrag

Fylkesutvalet vedtok i august 2013 tildelingskriteria og forvaltingsregime for fylkeskommunal partnerskap og støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar. I februar 2014 vedtok fylkesutvalet slik støtte for 2014 i tråd med dei nye retningslinene.

Denne saka går gjennom status og foreslår støtte for 2015 i tråd med retningslinene og dei nasjonale føringane for bruk av midlane. For kvar aktør er det gjort eit særskilt vurdering opp mot det vedtatte prioriteringskriteria merka a), b), c), d), og e).

I tillegg til ny vurdering av ei rekke aktørar som fram til 2014 har fått støtte frå fylkeskommunen, er det også vurdert støtte til totalt fire nye aktørar. Dette er NCE Maritime CleanTech, NCE Media (erstattar MediArena), Impact HUB Bergen og Mediaregion Bergen.

Støtte blir dels gitt frå budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» (tidlegare kalt «Prosjekt med førebels driftstilskott») fylkeskommunen sitt budsjett for 2015 og dels frå budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015 («HNN budsjettet»).

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar»:
 - Destinasjonsselskapa i Hordaland med kr 650 000 for 2015
 - Fellestenerer reiseliv med kr 800 000 pr år for åra 2015 til 2017
 - Regionale tiltakskontor med kr 875 000 for 2015
 - Bergen Vitensenter AS med kr 3 550 000 pr år for åra 2015 til 2017
 - HOG Energi med kr 850 000 pr år for åra 2015 til 2017
 - Western Norway Film Commisson med kr 500 000 for 2015
 - Filmfondet FUZZ med kr 650 000 for 2015
 - Impact HUB Bergen med kr 570 000 pr år for åra 2015 til 2017
2. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015:
 - NCE Media med kr 350 000 pr år for åra 2015 og 2016
 - NCE Maritime CleandTech med kr 350 000 pr år for åra 2015 og 2016
 - UPTIME Centre of Competence med kr 300 000 pr år for åra 2015 og 2016
 - Nordhordland næringshage med kr 300 000 pr år for åra 2015 til 2017
 - Connect Vest med kr 540 000 pr år for åra 2015 til 2017.
 - Mediaregion Bergen med kr 500 000 for 2015, kr 450 000 for 2016 og kr 350 000 for 2017.

3. For all støtte under punkt 1 og 2 gjelder at støtte for 2016 og 2017 kan bli justert/endra som følge av den årlige budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følge av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.01.2015

1. Bakgrunn

Etter at fylkesutvalet vedtok nye retningslinjer og forvaltingspraksis for støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar i august 2013, blei ei sak om vidareføring av samarbeidsavtalane med desse aktørane handsama av fylkesutvalet i februar 2014. Her blei nokre av avtalane vidareført for eit år, medan andre blei vidareført for ein 3 års periode. Dei avtalane som berre blei forlenga for eit år, må no opp til ny handsaming. Det same gjeld nokre samarbeidsavtalar som går ut ved utgangen av 2014 og det har også kome nokre nye søknadar i løpet av 2014.

Fylkeskommunal støtte til samarbeidspartnarane blir dels gitt over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar» (tidlegare kalt «Prosjekt med førebels driftstilskott») kor det i 2015 er sett av kr 15,733 mill kr. Av dette er kr 310 000 øyremerkt Fiskeriforum Vest etter vedtak gjort i 2014. I fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2015 blei det i tillegg gjort ei påplussing i budsjettet med ei løyving på kr 250 000 til Nordiske Mediedager. Denne påplussinga er slått saman med budsjettposten Næringsretta partnerskapsmidlar slik at den totale ramma etter dette er kr 15,983 mill kr.

Vidare blei fylkeskommunen sitt forhold til BRB handsama av fylkestinget i desember 2014 kor det mellom anna blei vedtatt ei støtte for 2015 på ca 3,95 mill kr. Også disse midlane blir tatt frå budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar».

I tillegg støtter fylkeskommunen nokre samarbeidsaktørar over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN budsjettet), hovudsakleg aktørar i ei oppstartfase og aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram i regi av Innovasjon Noreg (IN), Forskningsrådet og Selskapet for Industrivekst (SIVA). I 2014 blei det sett av kr 8,19 mill kr i HNN budsjettet til dette.

I denne saka vil fylkesrådmannen forslå korleis resten av midlane på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» bør nyttast. I tillegg blir foreslått kor stor del av HNN budsjettet for 2015 som skal nyttast til partnerskapsstøtte.

2. Tidlegare handsaming.

Til fylkesutvalet 29.08.13 (Sak 199/13) vart det fremma ei sak som omhandla prioriteringskriterier og forvaltingsregime for støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar kor det vart gjort slikt vedtak:

1. *Fylkeskommunal støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar skal vurderast ut frå desse kriteria:*
 - a) *Aktørane skal gjennom definerte aktivitetar og tiltak medverke til å oppfylle mål og prioriterte innsatsområde i regional næringsplan, regionalt utviklingsprogram og eventuelle vedtekne næringsretta strategiar på det aktuelle feltet.*
 - b) *Er fylkeskommunal støtte avgjerande for eksistensen for samarbeidsaktørane, eventuelt for dei aktivitetane fylkeskommunen ønskjer å styrke.*
 - c) *Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre samarbeid og fagleg koordinering av innsatsen i høve til andre aktørar med same eller tilgrensande arbeidsfelt/fagområde.*
 - d) *Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre ressursutnytting gjennom fysisk same lokalisering, felles kontortenester etc.*
 - e) *For prosjekt og einingar under nasjonale næringsutviklingsprogram vert det i tillegg lagt inn som eit prioriteringskriterium om fylkeskommunale midlar vil ha ein utløysande effekt ved etablering eller medverke til monaleg høgare aktivitetsnivå. Dette skal også gjelde regionale tiltak og einingar med tilsvarande formål, men som ikkje er med i nasjonale program.*
2. *Forvaltingsregime for handsaming av søknader om støtte frå regionale næringsutviklingsaktørar:*
 - a) *Alle saker om fleirårige samarbeidsavtaler og støtte skal handsamast av fylkesutvalet.*
 - b) *Avtalene skal vere tidsavgrensa til ein periode på 3 år, men kan i tilfelle der det er særlege grunnar for det, gjelde for inntil 5 år. I ei sak om vidareføring for ein ny periode, skal samarbeidet vurderast i høve til inngått avtale og til punkt 1 over.*
 - c) *Moglegheita for finansiering av ein aktør over RUP budsjettet for ein periode på 3 til 5 år skal normalt nyttast før ein eventuelt fremmer forslag om overføring til budsjettposten Mellombelse*

- driftstilskott. Aktører som vert finansiert over Mellombelse driftstilskott, skal normalt ikkje overførast til RUP budsjettet sjølv om omfanget av samarbeidet vert justert/endra.
- d) Fylkeskommunal støtte til aktører under ordningar i regi av dei nasjonale virkemiddelaktørane skal skje frå RUP budsjettet, også utover ein periode på 5 år, dersom ikkje særskilte forhold talar for noko anna. Der dette er mogleg, vil dette også gjelde andre regionale aktører med tilsvarende føremål og organisering, men som av ulike grunner ikkje er med i ei ordning under dei nasjonale virkemiddelaktørane.
 - e) Saker om vidareføring av samarbeid må vere avgjort så tidleg på året at ei eventuell vidareføring av samarbeidet kan innarbeidast i budsjettet for året etter.
3. I gjennomgangen av aktører som for tida får støtte frå fylkeskommunen gjeld:
- a) Vidareføring av samarbeid frå 2014 med alle regionale næringsutviklingsaktører med unntak av ViilVite og BRB, skal vurderast i høve til punkt 1over. Dette gjeld støtte både over RUP budsjettet og over Mellombelse driftstilskott.
 - b) Det vert gjort ei særskilt vurdering av om støtte til ViilVite skal bli handsama saman med næringsretta utviklingsmidlar eller bli overført til Opplæringsavdelinga sitt ansvarsområde.
 - c) Støtte til BRB skal framleis skje etter særskilt handsaming.
4. Samarbeid med nye aktører skal bli vurdert i høve til prioriteringskriteria i denne saka.

På fylkesutvalet sitt møte 19.02.2014 (PS 55/2014) blei det gjort slikt vedtak i sak om gjennomgang og vidareføring av samarbeidsavtaler med regionale utviklingsaktører.

1. Fylkesutvalet går inn for at støtte til næringsretta utviklingsaktører over fylkeskommunen sin budsjettpost «Prosjekt og institusjonar med driftstilskott» skal bli gitt til:
 - Fjord Norge med totalt kr 4 040 000 for 2014.
 - Samarbeidsavtalar med destinasjonar i Hordaland med kr 765 000 for 2014.
 - Fellesoppgåver på tvers av regionane i Hordaland med kr 730 000 for 2014.
 - Samarbeid med regionale tiltakskontor med kr 1 025 000 for 2014.
 - Fiskeriforum Vest med kr 310 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Bergen Vitensenter med kr 3 550 000 for 2014.
 - HOG Energi med kr 890 000 for 2014.
 - Business Region Bergen med kr 2 400 000 i driftsstøtte og kr 1 780 000 i prosjektstøtte for 2014. Av prosjektstøtta er kr 200 000 øyremerk Knowledge HUB Bergen.
2. I tillegg til tidlegare vedtak i einskildsaker, går fylkesutvalet inn for at støtte til næringsretta utviklingsaktører over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNNH budsjettet) skal bli gitt som følgjer:
 - Atheno med kr 1 300 000 pr år for åra 2014 og 2015.
 - Industriutvikling Vest med kr 700 000 pr år for åra 2014 og 2015.
 - Nyskapingsparken med kr 900 000 pr år for åra 2014 til 2016.
 - MediArena med kr 200 000 for 2014.
 - Nordhordland næringshage med inntil kr 300 000 for 2014.
 - Gulen og Masfjorden Næringshage med inntil kr 150 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Voss næringshage med inntil kr 300 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Ungt Entreprenørskap med kr 400 000 pr år for 2014 til 2016.
 - Design Region Bergen med kr 500 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Maritimt forum for Bergensregionen med kr 500 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Fiskeriforum Vest med kr 190 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Nordiske Mediedager med kr 260 000 for 2014.

I tillegg blir det sett av ei ramme på kr 540 000 til mogleg støtte til Connect Vest og kr 150 000 til ein eventuell ny næringshage i 2014.
3. Fylkesutvalet vedtar å avvikle ordninga med driftstilskott over budsjettposten Prosjekt og institusjonar med driftstilskott til desse organisasjonane: Regionsenteret for husflidsnæringa og Husflidskonsulenten. Vidare blir ordninga med driftstilskott over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland til Bergen Internasjonale Film Festival (BIFF) avvikla.
4. For all fylkeskommunal støtte nemnt under punkt 1 og 2 over gjeld at beløpet kan bli justert som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følgje av endra nasjonale rammer for og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.
5. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannen sine framlegg i denne saka til vidare handsaming av eventuell støtte utover dei åra angitt i dette vedtaket for den einskilde organisasjon i punkt 1 og 2 over.

Støtte til Connect Vest blei handsama av fylkesutvalet 20. mai 2014 kor det blei gjort slikt vedtak:

1. *CONNECT Vest-Norge får eit tilsegn på inntil kr 540.000,- for 2014.*
2. *Tilskot for åra 2015-2017 vil måtta vurderast i samband med framtidige rammer avsett til regionalt utviklingsarbeid i Hordaland.*
3. *Tilsegna er basert på søknad der aktivitet og planar vert skissert.*

3. Nasjonale føringar.

Frå 1. januar 2014 kom det ein ny nasjonal forskrift og retningsliner for forvaltning av regionale virkemidlar. I følgje dei nasjonale retningslinene kan desse midlane ikkje nyttast til drift av næringsverksemd eller organisasjonar. Prosjekt inkludert ny organisasjonar kan likevel motta prosjektstøtte i ein utviklingsperiode på inntil 5 år med statlege utviklingsmidlar.

Det er gjort eit unntak for utviklingsaktørar som er med i nasjonale program. Desse kan støttast så lenge dei er med i programmet. Dei mest aktuelle programma er nettverksprogramma i regi av IN som er Arena programmet, NCE programmet (Norwegian Centre of Expertice) og eventuelt GCE programmet (Global Centre of Expertice), næringshage og inkubator programma i regi av SIVA, VRI programmet og SFI programmet (Senter for forskingsdrevet innovasjon) i regi av Forskingsrådet. Vidare går det fram av retningslinene at fylkeskommunane kan støtte Ungt entreprenørskap.

Dette inneber at nye aktørar kan støttast i ein utviklingsperiode med midlar frå HNH budsjettet, men dersom etablerte aktørar skal motta partnerskapsmidlar frå fylkeskommunen må det skje på anna vis. I praksis betyr det over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». Unntaket er dei aktørane som er med i nasjonale program. Dette har fylkesrådmannen tatt omsyn til i dette forslaget til kva for aktørar som skal støttast over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» og HNH budsjettet.

I tildelingsbrevet for 2015 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet blir det peikt på at den regionalpolitiske innsatsen skal rettast mot å utvikle samspelet mellom byane og regionane omkring og betre næringslivet sine generelle rammetilhøve. Midlane skal i hovudsak nyttast innafor det distriktpolitiske virkeområdet, men nokre av midlane kan også nyttast til å utløyse det regionale verdiskapingspotensialet og til å utvikle attraktive regionale sentra for folk og næringsliv.

I tildelingsbrevet blir det slått fast at nærings- og bedriftsretta tiltak skal prioriterast. Det blir peika på nasjonale mål om auka entreprenørskap og innovasjon samt kvalifisering av bedrifter til auka forskning og utvikling. Vidare blir også dei nasjonale måla om auka verdiskaping og om satsing på nettverk, bedrifter og etablerarar framheva. Næringsretta infrastruktur og næringsretta kompetanse er også prioriterte område.

Etter fylkesrådmannen sitt skjønn er støtte til aktørane over HNH budsjettet i tråd med føringane i KMD sitt tildelingsbrev.

4. Aktuelle aktørar for fylkeskommunal støtte i 2015.

Av fylkesutvalet sitt vedtak i PS 55/2014 går det fram at følgjande aktørar som fekk støtte over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar» berre fekk støtte for 2014. Det må difor gjerast ny vurdering og nye vedtak for følgjande aktørar;

- Fjord Noreg,
- destinasjonsselskapa i Hordaland,
- fellesoppgåver reiseliv,
- regionale tiltakskontor,
- Bergen Vitensenter,
- HOG Energi og
- Business Region Bergen.

Av dei som i same sak fekk støtte over HNH budsjettet fekk følgjande aktørar godkjent støtte berre for 2014:

- MediArena (er no kome med i NCE programmet som NCE Media)
- Nordhordland næringshage
- Connect Vest
- Nordiske Mediedager

Fylkesutvalet har tidlegare gjort vedtak om å støtte UPTIME Centre of Competence med kr 250 000 pr år i perioden 2012 til 2014 og om å støtte Filmfondet FUZZ med kr 650 000 pr år for same periode. Begge desse er støtta over HNH budsjettet. Også desse sakene må difor vurderast på nytt for 2015.

I tillegg til dette har fylkeskommunen fått søknad om partnerskapsmidlar frå desse aktørane.

- NCE Maritime Cleantech
- NCE Media (erstattar MediArena)
- Impact HUB Bergen
- Mediaregion Bergen

For kvar av desse aktørane er det gitt ein generell omtale samt ein vurdering i høve til dei vedtatte prioriteringskriteria merka a), b), c), d) og e) («Vurdering i høve til prioriteringskriteria») og ei «Vurdering av støtte».

5. Gjennomgang og vurdering av aktørar med støtte over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar».

I tabellen under er det ført ein samla oversikt over fylkesrådmannen sitt forslag til aktørar som skal motta støtte over denne budsjettposten. I teksten er det gitt ein kort orientering om den einskilde aktør med ei grunngjeving for kvifor denne organisasjonen skal støttast.

Den økonomiske ramma er kr 15,733 mill kr over posten Næringsretta partnerskapsmidlar pluss løyvinga på kr 250 000 til Nordiske mediedagar, totalt 15,983 mill kr.

Ser ein på summen av støtte som desse aktørane fekk i 2014 og det dei nye aktørane har søkt om i 2015 blir summen høgare enn budsjettramma. Det har difor vore naudsynt å foreta ein viss nedjustering av støttebeløpa for nokre a aktørane i 2015 i forhold til tidlegare støtte og i forhold til søknadar.

Oversikt over støtte frå budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» (Tal i heile 1000 kr)

Organisasjon	Støtte i 2014	Støtte i 2015	Gjeld for åra	Kommentar
Fjord Norge	4 050	3 000	2015	Sjå eiga sak til fylkesutvalet
Samarbeidsavtaler med destinasjonselskapa	765	650	2015	
Fellesoppgåver på tvers av regionane	730	800	2015-2017	
Samarbeid med regionale tiltakskontor	1 025	875	2015	
Fiskeriforum Vest	310	310	2014-2015	Vedtatt i 2014
Bergen Vitensenter AS	3 550	3 550	2015-2017	
HOG Energi	890	850	2015-2017	
Business Region Bergen	4 180	3 978	2015-2018	Vedtatt av fylkestinget desember 2014
Western Norway Film Commisson	450	500	2015	Overført frå HNH budsjettet
Filmfondet FUZZ	650	650	2015	Overført frå HNH budsjettet
Impact HUB Bergen		570	2015 -2017	Ny aktør frå 2015

Nordiske Mediedager		250	2015	I tråd med budsjettvedtak for 2015
Sum støtte	15 500	15 983		

Støtte til Fjord Noreg

I ei eiga sak til fylkesutvalet 29.01.15 tilrår fylkesrådmannen ei løyving på kr 3,0 mill kr frå denne posten til Fjord Noreg for 2015. Beløpet er tatt med i tabellen over.

Partnerskapsmidlar til destinasjonsselskapa og støtte til fellestenester reiseliv

Hordaland reknar med fem destinasjonsselskap i 2015. Desse er: Bergen Reiselivslag, Kysteventyret (eit prosjekt i regi av Gode Sirklar), Destinasjon Voss, Reisemål Hardangerfjord og Samarbeidsrådet for Sunnhordland Reiseliv. Etter at Hordaland Reiseliv blei lagt ned i 2008, har Hordaland fylkeskommune frå 2009 gitt driftsstøtte direkte til destinasjonsselskapa i fylket. Midlane har vore delt likt mellom selskapa. I tillegg har det vore løyvd midlar til ein koordinatorstilling over posten «Fellestenester reiseliv». I tillegg er det løyva prosjektmidlar frå HNH til delfinansiering av felles prosjekt i regi av den felles stillinga.

Destinasjonsselskapa er reiselivsnæringa sin kompetansepartner når det gjeld produktutvikling, marknadsdata, marknadsføring og distribusjon/sal til turoperatørar og direkte til turist. Reiselivsnæringa er fragmentert med mange små einingar, og destinasjonsselskapa samlar aktørane til felles løft og utvikling. Destinasjonsselskapa er medlemsorganisasjonar og er eigd av reiselivsaktørar, kommunane og andre lokale aktørar.

Samarbeid mellom destinasjonsselskapa er avgjerande for selskapa sin leveranse til medlemmane sine. Selskapa vil difor auke fokuset på å utvikle fellestenester. Definerde oppgåver for felles løysing inkluderer nasjonal marknadsføring, webtenester og kompetanse, produksjon av trykksaker og satsing mot særlege segment som kongress/konferanse.

Med utgangspunkt i nasjonal reiselivsstrategi «Destinasjon Norge» som kom ut i 2012, er det brei semje i reiselivsnæringa om at det er ein fordel å samle seg i større, færre destinasjonsselskap. Sidan 2013 er det arbeid med omstrukturering av reiselivsorganisasjonane over heile landet. Destinasjonsselskapa i Hordaland har vore aktive i arbeidet med å komme fram til ein meir effektiv struktur for reiselivsarbeidet i eigen region. I dei andre fjordfylka går næring og kommunar mot ein struktur der Rogaland får to destinasjonsselskap, Sogn og Fjordane to eller tre og Møre og Romsdal to destinasjonsselskap. Sjølv om prosessen ikkje er ferdig, kan ein allereie no merke effekten av nye større einingar ved at våre konkurrerande reisemål på Vestlandet er synlegare i marknadsbildet, har større trykk i sine aktivitetar og har meir tyngde som dialogpartar, t.d. inn mot turoperatørar og transportledd.

I Hordaland er det utarbeida ein fagleg rapport (Kaizen AS 2014 «Organisering Reiseliv i Hordaland») som tilrår at ein i Hordaland løftar fram dei tre sterkaste merkevarane i fylket – Bergen, Hardanger og Voss – og at ein dannar destinasjonsselskap som koplar det heilskaplege reiselivstilbodet i fylket opp mot desse merkevarane. Hordaland fylkeskommune ynskjer å støtte reiselivsnæringa i arbeidet med å komme fram til ein sterkare og meir effektiv struktur, og dei faglege råda som seier at større einingar gjev organisasjonar med betre tilgang på kompetanse, meir effektiv arbeidsform og resulterer i betre leveranse for medlemmane. Dette er status i Hordaland per januar 2015:

- Destinasjon Voss vil halde fram under eiga merkevare i tråd med anbefalingane i Kaizen AS sin rapport. Eventuelle kommunesamanslåingar i framtida vil kunne få innverknad på eigarstrukturen.
- Reisemål Hardangerfjord vil halde fram under eiga merkevare i tråd med Kaizen AS sin rapport. Regionen har ein modell der oppgåvene er fordelt mellom Reisemål Hardangerfjord og fleire mindre

lokale reiselivslag. Regionen vil vurdere om dette er den optimale organisasjonsforma for Hardanger eller om ein bør gjere endringar.

- Kysteventyret knyter seg nærare til Bergen og samlar seg, saman med Nordhordland, om ei felles satsing knytt til merkevaren Bergen i tråd med Kaizen AS sin rapport. Det er realistisk å tru at Nordhordland og Kysteventyret vil få tilført ekstra kompetanse og ressursar gjennom samarbeidet.
- I Sunnhordland er det gjort politiske vedtak i fleirtalet av kommunane om at ein ikkje ynskjer ein struktur i tråd med rapporten frå Kaizen, men vil vidareføre det sjølvstendige reiselivsarbeidet under Samarbeidsrådet for Sunnhordland, men med samarbeid med dei andre destinasjonsselskapa.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- A) Aktivitetane i Destinasjonsselskapa og gjennom Fellestenester for reiseliv Hordaland er i tråd med Hordaland sin reiselivsstrategi og den nasjonale strategien Destinasjon Norge. I HNH vil støtta også være med å styrke arbeid i nettverk, både ved at destinasjonsselskapa arbeider saman i felles satsing, men også for medlemsbedriftene i destinasjonane som blir involvert i klynger og nettverk til felles løft.*
- B) Partnerskapsmidlar til destinasjonsselskapa er med å sikre eit betre tilbod til reiselivsbedriftene rundt i fylket. Støtte til prosjektet Fellestenester reiseliv er avgjerande for at desse organisasjonane skal kunne prioritere fellesoppgåver*
- C) Støtta til Fellestenester reiseliv går direkte på samarbeid og betre ressursutnytting mellom destinasjonsselskapa.*
- D) Berre delvis i 2015, men dette kan endre seg med ny organisering av destinasjonsselskapa frå 2016, og fylkeskommunen kan då spele ei konstruktiv rolle.*

Vurdering av støtte.

Fylkesrådmannen tilrår at det blir løyvd 1 650 000 til destinasjonsselskapa i Hordaland, fordelt med kr 800 000,- til posten «Fellestiltak reiseliv Hordaland» og kr 600 000,- i driftsstøtte til lik fordeling mellom dei fem destinasjonsselskapa.

Støtte til «Fellestiltak reiseliv Hordaland» skal gjelde for tre år. Stillinga er i dag ubesatt og det er avgjerande at ein kan tiltrekke seg ein kvalifisert kandidat og kan planleggje langsiktig. Samarbeidet mellom dei ulike regionane i fylket skal styrkast i denne perioden og denne koordinatorstillinga vil då vere viktig. Fylkesrådmannen legg til grunn at konkrete tiltak og prosjekt blir finansiert av partnarane, og eventuelt etter søknad om eksterne midlar, mellom anna frå HNH budsjettet.

Fylkesrådmannen tilrår at midlane til driftsstøtte til destinasjonsselskapa og fordelinga av desse blir vidareført for 2015. Ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og dei ulike destinasjonsselskapa skal danne grunnlag for bruken av midlane som blir tildelt.

Vidare samarbeid mellom fylkeskommunen og destinasjonsselskapa etter 2016 må etter fylkesrådmannen sitt syn vurderast på bakgrunn av den pågåande strukturprosessen selskapa er inne i. I den vurderinga vil fylkeskommunen legge vekt å at dei einskilde destinasjonsselskapa får eit sterkt og berekraftig fundament til beste for utvikling av reiselivsnæringa i fylket. Der kor det er naturleg må den nye strukturen gjerne innebere samarbeid med kommunar i andre fylke. Alle kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å medverke til at reiselivsnæringa i eigen kommune blir ein del av den nye strukturen.

Partnerskapsavtaler med regionkontora

Regionkontora mottar årleg tilskott frå fylkeskommunen for å utføra næringsretta utviklingsarbeid. Samarbeidet har sidan 2007 vore regulert i egne partnerskapsavtaler mellom fylkeskommunen og dei fem regionane med ein etablert organisasjon. I tillegg har Voss mottatt midlar som del av eit regionsamarbeid med Vik og Aurland. Bjørnefjorden har ikkje ein formell organisering av regionsamarbeidet og er difor ikkje tildelt driftstilskot. Driftstilskottet til regionkontora er redusert frå ca 2 mill kr i 2012 til vel 1 mill kr 2014.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- a) Dei seks regionkontora med partnerskapsavtale har utført rådgjeving og rettleiing for bedrifter og etablerarar etter behov. Dei har også drive informasjonsarbeid retta mot bedrifter og etablerarar. Regionkontora i samarbeid med kommunane og næringslivet har også medverka til prosjekt- og utviklingsarbeid som omfattar fleire kommunar, samt vore utførande og koordinerande organ i næringsutviklingsarbeidet mellom primærkommunane og fylkeskommunen. Fleire regionkontor har også arbeidet med eit samarbeidsforum i eigen region for å koordinere innsatsen retta mot etablerarar.
- b) Støtta er truleg ikkje avgjerande for eksistensen til samarbeidsaktørane, men bortfall av støtte vil medføre redusert aktivitet på innsatsområdet.
- c) Nasjonale evalueringar av regionkontora sine resultat viser at dei ofte har medverka til å etablere eit godt operativt og finansielt samarbeid med andre offentlege og private aktørar.
- d) Det kan vera eit effektiviseringspotensiale i å samlokalisera andre offentlege verkemiddel med aktivitetane til regionkontora.
- e) Ikkje vurdert

Vurdering av støtte.

I tilsegnsbreva for 2014 vart regionråda gjort merksam på at fylkesutvalet vedtok å vidareføre partnerskapsavtalene med regionråda berre for 2014, og at dette innebar at samarbeidet måtte vurderast i tråd med dei nye prioriteringskriteria. Avtalene er dermed formelt sagt opp. I tilsegnsbreva for 2014 vart det også skissert moglegheiter for eventuell forlenging av samarbeidet mellom Hordaland fylkeskommune og regionkontora.

Ein vesentleg del av det næringsretta utviklingsarbeidet til regionråda er retta mot etablerarar. Det er også mange andre offentlege aktørar som til dømes kommunane og BRB, i tillegg til private aktørar, som tilbyr tenester til etablerarane. I fylkestinget sitt vedtak om fylkeskommunen sitt engasjement i BRB blei fylkesrådmannen bedt om å ta eit initiativ for å få vurdert ulike sider ved geografisk virkeområde, tilknytingsformer og finansieringsmodellar for BRB. I tillegg har fylkeskommunen, etter oppfordring frå mellom anna BRB, tatt på seg å forsøke og komme fram til eit heilskapleg tenestetilbud til etablerarane i fylket gjennom ein meir einheitleg struktur på 1. line tenestetilbodet i kommunane med nettverksarbeid, kompetansetilbod og auka bruk av elektroniske tenester gjennom kom.an@no. I dette arbeidet vil det bli sett på fordeling av roller og ansvarsområde for kommunane, regionråda, BRB og eventuelle andre offentlege aktørar. Fylkesrådmannen vil også gjennomgå ulike offentlege aktørar sine tilbod til etablerarar i den såkalla 2. lina, i første rekke etableraropplæring og rådgiving. I påvente av dette arbeidet vil fylkesrådmannen tilrå at støtta til regionråda berre blir vidareført for 2015 i denne omgang. Når dette arbeidet er slutført er det naturleg å avklare med regionråda om, og i tilfelle i kva omfang fylkeskommunen og regionråda skal samarbeide om næringsutvikling. Det vil bli utarbeidd justerte partnerskapsavtalar gjeldande for 2015.

Fiskeriforum Vest.

Fiskeriforum Vest har vore støtta over denne budsjettposten i mange år. Dette er ei vidareføring av vedtak om støtte gjort i 2014 gjeldande for 2014 og 2015.

Bergen Vitensenter AS

Bergen Vitensenteret AS er eigar av ViVite som er eit populærvitskapleg opplevings- og læringscenter for teknologi og realfag. Innsatsen er særleg innretta mot barn og unge.

Hordaland Fylkeskommune var ein av initiativtakarane og stiftarane til Bergen Vitensenter AS, og er ein av medeigarane med ein eigardel på 19 prosent.

Bergen Vitensenter AS har motteke driftstilskot frå fylkeskommunen sidan ViilVite-senteret opna i 2007. Den årlege tildelinga er delt i eitt beløp som utgjer ramma for vidaregåande skular sin bruk av ViilVite (kjøp av tenester), og eitt beløp som utgjer ein generell driftsstøtte¹.

Det ligg ikkje føre nokon form for partnerskapsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen Vitensenter AS når det gjeld samarbeidet som heilskap. Samarbeidet er forankra i eigarskapet med tilhøyrande styrerepresentasjon, dei årlege tildelingsbreva og eit laupande samarbeid gjennom fleire år med dialog – bae generelt og knytt til konkrete prosjekt.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- a) Styrka kompetanse og interesse for realfag er ein av føresetnadane for å kunne lukkast med ein langsiktig gjennomføring av strategiane i regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. Vitensenteret bidreg til å realisera hovudstrategi 1 «*Meir entreprenørskap og innovasjon*» og 2 «*Fleire med meir relevant kompetanse*».

Behovet for å styrkja realfaga i skulen, og å rekruttera studentar til teknologisk og naturvitenskapleg utdanning har lenge hatt merksemd i samfunnsdebatten. Ungdom vel ofte bort desse faga. Hordaland manglar realistar og fagfolk innan teknologiske og naturvitenskaplege fag. Vitensenteret bidreg med å fremja interesse for desse faga. Dette kan bidra til å auke rekrutteringa til realfaga.

Realfagleg og teknologisk kompetanse er etterspurt av næringslivet på Vestlandet, og mangel på slik kompetanse bidreg til å svekkja næringslivet sin vidare utvikling. Bedriftene kan få utfordringar i ein skjerpja konkurranse kor teknologisk kunnskap og innsikt stadig blir viktigare.

- b) Bergen Vitensenter AS sitt driftsinntektsgrunnlag er delt i tre: egne inntekter (omtrent 55%), offentlege tilskot (omtrent 35%) og sponsorer/gåver (omtrent 10%). Nivået på egne inntekter blir i stor grad styrt av føringar frå eigarane og Vitensenterprogrammet som pålegg at skular sin tilgang til senteret blir sterkt rabattert. Senteret skal etter desse føringane heller ikkje vere prisleiande i fritidsmarkedet. Sponsorinntekter blir ofte øyremerkt til særskilte føremål. Ubunden driftsstøtte er difor av særskilt betydning for verksemda. Slik basisfinansiering bidreg til å sikra at ViilVite kan oppretthalde eit tilfredsstillande kvalitetsnivå.
- c) Ikkje relevant vurderingskriterium i denne saka.
- d) Fylkeskommunal støtte vil ikkje medverke til betre ressursutnytting gjennom fysisk same lokalisering, felles kontortenester etc.
- e) Ikkje relevant vurderingskriterium i denne saka

Vurdering av støtte.

I eit langsiktig perspektiv samsvarer ViilVite sitt virke med behov som næringslivet i Hordaland har, og med fleire målsettingar i den regionale næringsplanen.

Fylkesrådmannen tilrår at det blir gjeve driftstilskot til Bergen Vitensenter AS, og at denne vert oppretthaldt på same nivå som i 2014 med 3 550 000 kronar pr år for perioden 2015 til 2017. 500 000 kronar per år blir øyremerkt til vidaregåande skular sin bruk av senteret. Fylkesrådmannen vil ta opp ein diskusjon med Bergen Vitensenter AS korleis ein kan få ein enno meir målretta bruk av midlane gjennom ein partnerskapsavtale.

¹ Brorparten av tilskotet er eit generelt driftstilskot. I 2014 ble det vedteke å gje 500 000 kronar som kompensasjon for vidaregåande skular sin bruk av senteret, mens dei resterande midlane på 3 050 000 kronar utgjorde ein generell støtte.

HOG Energi.

HOG Energi er ein medlemsorganisasjon for fylkeskommunen, kommunar, organisasjonar, institusjonar og verksemdar med oppgåver og interesser innafor verdiskaping knytt til olje, gass, og fornybar energi i Hordaland. HOG Energi har som føremål å syta for at energiressursane i Hordaland vert nytta til verdiskaping i fylket på ein optimal måte. HOG Energi har ei viktig oppgåve med å koordinera ei rekkje aktivitetar og tiltak knytt til energisektoren. Hovudfokusområda er fornybar energi, miljøteknologi, olje og gass, og kompetanse- og konkurranseevne. HOG Energi har 2 fast tilsette og er samlokalisert med BRB. Fylkeskommunen har hatt eit nært og godt samarbeid med HOG Energi i mange år.

Noverande partnerskapsavtale blei inngått i 2012 og gjekk difor ut i 2014. Partnerskapsavtalen har etter fylkesrådmannen si vurdering fungert godt og det har vore ein tett og god dialog med HOG Energi i perioden. Det har også vore eit godt samarbeid omkring fleire prosjekt og oppgåver som til dømes auka bruk av gass, og då særleg biogass, i fylket. HOG Energi har vore samarbeidspartnar i Baltic Biogass og som ein vidareføring av dette prosjektet har dei samarbeidd med Skyss om å sikre den nye «superbussen» til Bergen. For tida samarbeider fylkeskommunen også nært med HOG Energi i gjennomføringa av prosjektet «Små og mellomstore leverandørbedrifters framtid i petroleumsnæringa i Hordaland». Ut over dette har HOG Energi vore ein viktig kompetanseressurs og «brobygger» mellom politisk leiing og næringsaktørane.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- A) Energisektoren er den viktigaste sektoren i fylket og vil difor alltid ha stort fokus i næringsutviklingsarbeidet. HOG Energi arbeider tett opp mot dei definerte innsatsområda for energisektoren i HNH. I tillegg medverkar dei i prosjekt knytt til klyngeutvikling og kompetanseutvikling opp mot energisektoren.
- B) Sjølv om HOG Energi mottar monalege partnerskapsmidlar frå dei private medlemmene, er den offentlege støtta særleg frå fylkeskommunen og frå Bergen kommune (kr 660 000 i 2014) heit avgjerande.
- C) HOG Energi samarbeider nært med BRB i saker knytt til energisektoren kor BRB nyttar HOG Energi sin kompetanse og nettverk. Eit viktig samarbeidsområde er delegasjonsreiser til mellom anna OTC i Houston og Rio Oil and Gas i Brasil. Gjennom samarbeidet med BRB, har HOG Energi også god kontakt med dei andre nettverksorganisasjonane i fylket.
- D) HOG Energi leier allereie kontor hos BRB kor dei også er fysisk samlokalisert med fleire andre netterverksorganisasjonar. Dette bør vere eit godt utgangspunkt for optimal ressursutnytting.
- E) Ikkje aktuelt for HOG Energi

Vurdering av støtte.

HOG Energi har starta ein prosess for å utforme organisasjonen sin framtidige strategi inkludert relasjonar til andre utviklingsaktørar i regionen. I dette arbeidet ser de mellom anna på moglegheitane for ein nærare relasjon med andre utviklingsaktørar i regionen. Ein mogleg framtidig partnar kan vere det nye «Science City Bergen».

Fylkesrådmannen er opptatt av å få ned talet på utviklingsaktørar for på den måten å få redusert kostnader til administrasjon og «overhead» og få til ein meir effektiv utnytting av dei ressursane desse organisasjonane rår over. Det blir difor sett på som positivt at HOG Energi har sett i gang ein intern prosess for mellom anna å vurdere dette. Fylkesrådmannen vil difor gå inn for å forlengje partnerskapsavtalen med HOG Energi for ein ny tre års periode slik at organisasjonen sjølv kan finne sin framtidige plass. Avtalen vil innehalde formuleringar om at den kan endrast dersom det skjer vesentlege endringar for HOG Energi. Fylkesrådmannen går inn for at det blir sett av kr 850 000 årleg til HOG Energi kor kr 100 000 går til å dekke fylkeskommunen sin medlemskontingent og resten blir støtte knytt til partneravtalen.

Business Region Bergen.

Fylkeskommunen sitt forhold til BRB blei handsama av fylkestinget 10. desember 2014. Her blei det mellom anna vedtatt at fylkeskommunen skulle forlengje sin avtale med BRB for totalt 4 år med ei ny vurdering etter to år. Som ein del av avtalen skal BRB motta ei støtte på kr 5 pr innbyggjar i Bergen kommune og kr 15 pr innbyggjar for dei andre kommunane som er med i BRB. For 2015 skal berekninga ta utgangspunkt i 100 % oppslutting frå eigarkommunane og deretter justerast til faktisk deltaking frå eigarkommunane. Innbyggartallet var pr 31.10.2014 i Bergen 272 612 og i dei øvrige eigarkommunane totalt 171 342. Dette gir ei berekna støtte på kr 3 978 000. Fylkesrådmannen tilrår denne støtta til BRB for 2015.

Western Norway Film Commisssion (WNFC)

WNFC arbeider på ideelt grunnlag for å fremje Vestlandet som innspelingsstad for utanlandske film-, reklame-, og TV-produksjonar. Filmkommisjonen koplar utanlandske produsentar med lokale samarbeidspartnarar frå filmbransje og lokalmiljø, og hjelper dei internasjonale produsentane i spørsmål om til dømes logistikk og finansieringsmoglegheiter.

WNFC har fått støtte over Regionalt utviklingsprogram/Handlingsprogram for næringsutvikling sidan 2003, og er organisert som eit prosjekt under Vestnorsk filmkommisjon. I åra 2009- 2014 har prosjektet vore finansiert frå fylkeskommunane i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. Hordaland fylkeskommune sitt bidrag har vore finansiert oover Regionalt utviklingsprogram/Handlingsprogram for næringsutvikling, dei tre siste åra med kr 450 000 pr år. For 2015 har Møre og Romsdal løyvd kr 351 000 og Sogn og Fjordane kr 200 000 til Western Norway Film Commission.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- A) Å profilere Hordaland som ein attraktiv region for å søke partnarar og for å etablere næringsverksemd er eit av innsatsområda i HNH, noko dette prosjektet arbeider for.
- B) WNFC er avhengig av offentleg støtte for vidare drift, då filmkommisjonar ikkje tar betalt for tenestane sine.
- C) Western Norway Film Commission samarbeider med Fuzz og Vestnorsk Filmsenter(prosjekteigar).
- D) Western Norway Film Commission er lokalisert på USF Verftet, saman med mellom anna Vestnorsk filmsenter og Filmfondet Fuzz.

Vurdering av støtte.

Dei siste åra har WNFC medverka til at 22 utanlandske filmar har gjort opptak på Vestlandet, i tillegg til eit større tal på reklamefilm og TV-produksjonar. Desse filmene har gjeve 20 000 gjestedøgn for stab og skodespelarar og har vorte vist for fleire hundre millionar sjåarar over heile verda.

Det er tre faktorar som gjer det viktig å vidareføre støtta til WNFC:

- Det er gjeve signal om at regjeringa vil innføre ei incentivordning for utanlandske filmproduksjonar i Stortingsperioden, som vil refundere 20-25% av kostnadane utanlandske produksjonar har i Noreg.
- Dagens kronekurs gjer Noreg meir konkurransedyktig som innspelingsstad
- WNFC er som første norske filmkommisjon representert som styremedlem i den globale medlemsforeininga Association of Film Commissioners International(AFCI). Dette gjev store moglegheiter for å få dei store internasjonale produsentane som til dømes Disney, Fox og HBO til å legge sine produksjonar til Vestlandet, gjennom meir organisert kontakt med desse aktørane.

Ei vidareføring av støtte til WNFC må finansierast over budsjettposten «Næringsretta partnarskapsmidlar, då WNFC har fått støtte over RUP/HNH budsjettet lengere enn det retningslinene gjev moglegheiter for. Fylkesrådmannen rår til at Western Norway Filmcommission vert støtta med kr 500 000. I påvente av Regjeringa sitt arbeid med insentivordninga for filmbransjen, gis det i denne omgang støtte for 2015.

Filmfondet FUZZ

Filmfondet Fuzz er eit regionalt filmfond, stifta i 2006, som forvaltar eit investeringsfond beståande av kapital frå investorar og eit årleg statstilskot. Fuzz arbeider både ut frå eit næringspolitisk og kulturpolitisk perspektiv retta mot film. Filmfondet Fuzz er heileigd av Bergen kommune, medan dei tre fylkeskommunane har vore inne på driftssida dei seinare åra. Filmfondet har mottatt driftstøtte frå Hordaland fylkeskommune over budsjettet Regionalt utviklingsprogram med 650 000 kr i året i perioden 2012-2014, og har mottatt prosjektmidlar på totalt 2 100 000 sidan 2008.

Sidan starten har Fuzz investert rundt 80 millionar kroner i audiovisuelle produksjonar noko som har medverka til å realisere 65 prosjekt (film, tv og spel) med produksjonsbudsjett på til saman 1.07 milliardar kroner. Heile 24 av desse prosjekta har vorte realisert dei tre siste åra og talet på prosjekt med tilknytning til Vestlandet har auka markant. Grunna høg aktivitet har fondet difor kapitalisert opp fleire gonger, og fondet rår no over 47,5 mill. kr i investeringsmidlar. Dei siste fire åra har dei private investorane fått eit gjennomsnittleg utbytte på 8,1%.

Fuzz søker no fast driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune, basert på deira oppnådde resultat, og ønsket om ei forsterka satsing på arbeidet med å bygge ei komplett og sterk næring for audiovisuell produksjon på Vestlandet. Hordaland er det klart største filmfylket utanfor Oslo og det dominerande produksjonssenteret på Vestlandet. Uavhengig av korleis ein måler (omsetting, sysselsette, produksjonar etc) utgjør filmbransjen i Hordaland mellom 64 % og 94 % av filmnæringa i regionen, (Vestlandet utanom Rogaland). På dette grunnlaget meiner Fuzz det er naturleg at Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune bidreg med ein vesentleg høgare del av drifta enn dei andre fylka. Fuzz ser for seg å finansiere drifta med følgjande tilskot:

Hordaland fylkeskommune: 975 000 kr

Bergen kommune: 900 000 kr

Møre og Romsdal fylkeskommune: 450 000 kr(løyvd driftstilskot frå 2014)

Sogn og Fjordane fylkeskommune: 100 000 kr(vedteke)

Dei resterande midlane vert tatt av overskotet på aksjekapitalen som Bergen kommune har tilført fondet(9 mill kr). Dette er i tråd me krava som vert sett til dei Regionale filmfonda om at drifta skal finansierast lokalt.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- A) Støtte til Fuzz er vanskeleg å forankre i HNH både innanfor dei tre hovudinnsatsområda og under bransjar med særskilt fokus. Filmfondet Fuzz vert likevel vurdert som viktig for å skape ei berekraftig filmnæring i fylket.
- B) Filmfonda skal ha ei regional finansiering, men Fuzz har no bygd seg opp ein stor aksjekapital og det må vurderast om avkastinga frå denne kan finansiere ein større del av drifta enn det som er budsjettet. Fuzz vil likevel ha trong for noko driftstøtte for å sikre vidare drift med like høg aktivitet som i dag.
- C) Filmfondet Fuzz samarbeider tett med Vestnorsk filmsenter og Western Norway Film Commission, og støtta vil medverke til å styrke dette samarbeidet.
- D) FUZZ er lokalisert på USF Verftet saman med mellom anna Vestnorsk Filmsenter.

Vurdering av støtte

Fylkesrådmannen ser det som ei utfordring at Hordaland fylkeskommune nyttar så store midlar på å drifte eit investeringsfond som skal gje avkasting på investeringar frå private og offentlege investorar. Samstundes er det ingen tvil om viktigeita av å ha eit robust filmfond i regionen med tanke på å få store filmproduksjonar til regionen og for å dyrke fram produsentar frå Hordaland. Eg vil difor tilrå at FUZZ i denne omgang får støtte for eit år til (2015). Også støtta til filmfondet må vurderast på nytt når den statlege insentivordninga er på plass.

Filmfondet Fuzz har no fått støtte over budsjett for Regionale utviklingsmidlar i tre år og er no i ein ordinær driftsfase. Ei vidareføring av driftstøtta må difor skje via budsjettposten Næringsretta partnerskapsmidlar. Fylkesrådmann rår til at Fuzz får driftstøtte på same nivå som dei tre føregåande åra, dvs kr 650 000 for 2015.

Impact Hub Bergen

Impact HUB Bergen opna dørene hausten 2011 på historiske Bryggen i Bergen og er Noregs første senter for sosial innovasjon. Formålet til Impact Hub er å støtte opp under gründerar med si realiseringa av idear som kan bringe løysingar på sosiale, miljømessige og økonomiske utfordringar i samfunnet.

Impact Hub Bergen fungerer primært som eit arbeidsfellesskap (co-working arena på tvers av bransjar og sektorar), og yter også hjelp til gründerar i tidleg fase. Impact Hub Bergen legg til rette med utleige av arbeidskontor, kurs og kompetanseheving og har tilgang på globalt og lokalt nettverk. I tillegg gjennomførast programmar, arrangement og prosjekt mynta på sosiale- og samfunnsentreprenørar.

I løpet av dei første tre åra har over 100 gründerar fått hjelp, det er halden over 130 gründerarrangement og det er teke initiativ til 7 prosjektprogram med formål å styrke gründerkulturen i Hordaland. Impact Hub Bergen har i hovudsak vore finansiert med inntekter frå medlemskap og utleige av kontorplassar og møterom. I tillegg har prosjektstøtte vore avgjerande for gjennomføring av ein-skilde program og prosjekt. Impact Hub Bergen er ei sosialøkonomisk verksemd og er etablert som eit allmenntilleggsaksjeselskap. Det er vedtektsfesta at eventuelt overskot skal først inn i drifta for å styrkje verksemda sitt formål og tilbod.

Impact Hub Bergen har sidan oppstart fått prosjektstøtte gjennom Regionalt utviklingsprogram til ulike prosjekt, men dei har ikkje til no fått driftstøtte frå fylkeskommunen.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- a) Impact Hub Bergen legg til rette for utvikling av eit særskilt gründermiljø og nettverk for sosiale- og samfunnsgründerar og medverkar såleis til auka satsing på berekraftig samfunnsentreprenørskap. Dei legg til rette med arbeidsfellesskap, vertskap, kompetanse, pågangsmot og kopling til virkemiddelapparatet for initiativ og gründerar. Alt dette er i tråd med viktige innsatsområde i HNH.
- b) Impact Hub Bergen har sia stiftinga i 2010 i stor grad vore tufta på sentrale eldsjeler, som har ytt stor grad av friviljug innsats til realiseringa. I følgje søknaden vil driftsstøtte ikkje berre ha ein utløyssande faktor for å vidareføre tilbodet, det er heilt avgjerande for korvidt Impact Hub Bergen vil fortsette eller ikkje. Noverande drift er basert på at dagleg leiar og andre ytarar i stor grad bidrar med friviljug innsats, ein situasjon som ikkje er berekraftig på sikt.
- c) Med driftstøtte vil Impact Hub Bergen kunne setje av ressursar til deltaking og samarbeid med fagleg koordinering i høve andre nettverk og satsingar i Hordaland, t.d. Inunet Hordaland. Vidare vil gründernettstaden kom-an.no og styrking av etablerarrettleiartenesta i kommunane i Hordaland vere regionale aktørar for Impact Hub Bergen å samarbeide med.
- d) Impact Hub Bergen er godt etablert og lokalisert på Bryggen i Bergen, og såleis ikkje aktuell for samlokalisering med andre aktørar. Dette avgrensar likevell ikkje for samarbeid med andre.
- e) Det fins pr i dag ikkje nasjonale program for denne typen aktørar.

Vurdering av støtte.

Etter fylkesrådmannen sitt syn fyller Impact Hub Bergen eit gap i verdikjeda for sosialt entreprenørskap, der dei legg til rette for at tidleg fase gründerar med ferske idear får rom til å utforske og teste ut desse. Det fins i dag ikkje noko alternativt tilbod til desse aktørane i Hordaland. Med årleg driftstøtte vil Impact Hub Bergen kunne få ein avgjerande effekt til å oppretthalde og auke aktivitetsnivået med å fremja og styrkje sosialt entreprenørskap og samfunnsentreprenørskap i Hordaland.

Impact HUB Bergen AS er eit allmenntilleggsaksjeselskap og har vedtektsfesta at eventuelt overskot skal først inn i drift for å styrkje verksemda sitt formål og tilbod. Det registrerte formål er å støtte gründerar i realiseringa av idear som kan bringe løysingar på sosiale, miljømessige og økonomiske utfordringar. Ei støtte til denne verksemda vil kunne skje i tråd med reglane for offentleg støtte og gå til styrking av grundervirksemd og ikkje til eigarane.

Fylkesrådmannen tilrår difor at Impact HuB Bergen får ein årleg støtte på kr 570 000 på år for perioden 2015 til 2017. I utforminga av partnarskapsavtalen vil det bli tatt særskilt omsyn til at midlane skal gå til å styrke grunderverksemda på ein måte som er tråd med gjeldande regelverk.

Nordiske mediedager.

I budsjettvedtaket i fylkestinget i desember er Nordiske mediedagar for 2015 tatt inn på driftsbudsjettet til Hordaland fylkeskommune med kr 250 000 i driftstøtte. Som nemnt over denne løyvinga slått saman med budsjettposten Næringsretta partnerskapsmidlar og løyvinga til Nordiske mediedagar er difor tatt med her. Fylkesrådmannen vil til initiativ til ein partnerskapsavtale for 2015.

6. Gjennomgang og vurdering av aktørar med støtte over HNH budsjettet for 2015.

Alle aktørar og prosjekt som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram i regi av IN, SIVA eller Forskningsrådet er samla her. Med unntak av næringshageprogrammet, ligg det ikkje noko formell plikt for fylkeskommunane til å støtte deltakarane i slike program. Næringshageprogrammet er eit fellesprogram mellom SIVA og fylkeskommunane og det er forventa at fylkeskommunen stiller opp med støtte tilsvarande støtta frå SIVA.

Dei aktørane som er prioritert her, har eit hovudfokus innafør område som er viktige satsingsområde i næringsplanen. Vellukka satsingar vil dermed medverke til å oppnå måla i næringsplanen. Eit argument for å medverke med fylkeskommunal støtte, er at næringslivet aukar si støtte med ein sum tilsvarande den fylkeskommunen går inn med. Dette fordi total offentleg støtte kan vere maksimalt 50 % til desse aktørane.

I tabellen under er det gitt ein samla oversikt over fylkesrådmannen sitt forslag til aktørar som skal motta støtte over HNH budsjettet for 2015. I teksten er det gitt ein kort orientering om den einskilde aktør med ei grunngjeving for kvifor denne organisasjonen skal støttast.

Oversikt over støtte over HNH budsjettet (støtte i heile 1000 kr):

Organisasjon	Støtte i 2014	Støtte i 2015	Gjeld for åra	Kommentar
NCE Subsea	550	550	2013 - 2016	Med i NCE programmet, IN
NCE Tourism Fjord Norway	350	350	2013 - 2016	Med i NCE programmet, IN
NCE Media		350	2015 - 2016	Ny frå 2015, Erstattar MediArena. Med i NCE programmet
NCE Maritime CleanTech		350	2015 - 2016	Ny frå 2015. Med i NCE programmet.
Atheno	1 300	1 300	2014 - 2015	Inkubatorprogrammet, SIVA
Industriutvikling Vest	700	700	2014 - 2015	Inkubatorprogrammet, SIVA
Nyskapingsparken Inkubator	900	900	2014 - 2016	Inkubatorprogrammet, SIVA
MediArena	200			Utgår, erstattast av NCE Media
UPTIME Centre of Competence	250	300	2015 - 2016	Lite offentlig støtte, hovudsakleg næringslivet
Nordhordland næringshage	300	300	2015 - 2017	Med i Næringshageprogrammet, SIVA
Næringshagane Gulen / Masfjorden og Voss	600	450	2014 - 2015	Næringshageprogrammet, SIVA
Connect Vest	540	540	2015 - 2017	Bergen kommune, IN m. fl.
Ungt Entreprenørskap Hordaland	400	400	2014 - 2016	Bergen kommune, IN m. fl.
Nordiske Mediedager	260			Finansiering vedtatt av fylkestinget i desember. Overført til Næringsretta partnerskapsmidlar
Western Norway Film Commisson	450			Overførast til «Næringsretta partnerskapsmidlar»
Filmfondet FUZZ	650			Overførast til «Næringsretta partnerskapsmidlar»
Maritimt forum Bergensregionen	500	500	2014 - 2015	Siste år i ein 3 års periode.
Design Region Bergen	500	500	2014 - 2015	Siste år i ein 3 års periode.
Fiskeriforum Vest	190	190	2014 - 2015	Siste år i ein 3 års periode.
Mediaregion Bergen		500	2015 - 2017	Ny i 2015. Avtrappande støtte i 2016 og 2017
TOTALT	8 190	8 180		

NCE Subsea.

NCE Subsea har vore støtta av fylkeskommunen sidan oppstart i 2006. 29.08.2013 vedtok fylkesutvalet å støtte NCE Subsea med kr 550 000 pr år for perioden 2013 til 2016. Beløpet er ført opp her.

NCE Tourism Fjord Norway

31.10.2014 vedtok fylkesutvalet å støtte denne NCE'en med kr 350 000 pr år for perioden 2013 til 2016. Beløpet er ført opp i tabellen. NCE Tourism Fjord Norway har vore støtta sidan oppstart i 2011 og mottar også støtte frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

NCE Media

NCE Media fekk i 2014 oppgradert status frå ARENA programmet til NCE programmet. MediARENA har fått støtte over RUP/HNH budsjettet i fire år fram til 2014. NCE media søker no om eit fast årleg tilskot for å styrke den regionale aktiviteten, og då med særleg omsyn på etableringa av Media City Bergen.

Konkret ønskjer NCE Media med denne ekstraløyvinga å etablere og utforske samarbeidsformer, tenestar og løysingar som kan vidareførast og forsterkast i Media City Bergen(MCB) som no er etablert. Dette gjeld først og fremst innan følgjande område:

- Utveksling og opning av plattformer på teknisk nivå mellom store, og mellom små og store bedrifter
- Kompetanseoverføring frå erfarne bedrifter til bedrifter i vekstfase
- LEAN metodikk som er nyttig både for oppstartsbedrifter og i innovasjonsprosessar hjå etablerte marknadsleiande bedrifter
- Deling av ressursar og metodar som fører til utveksling på tvers av fagfelt og mellom bransjen og FoU
- Styrke entreprenørskapsarbeidet

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- A) Å medverke til auka klyngeutvikling gjennom aktiv deltaking i klyngeprogramma er eit viktig innsatsområde i HNH.
- B) Støtta til NCE Media er nødvendig for å styrke den regionale profilen på prosjektet, retta inn mot MediaCity Bergen.
- C) Prosjektet vil nytte eigne ressursar i medieklynga, mellom anna frå Vizrt og Mobiltech, i tillegg vil det verte samarbeidd med Institutt for informasjons- og medievitskap ved UiB, Nyskapingsparken inkubator, Bergen teknologioverføring og Connect Vest.
- D) NCE Media har kontor i Vizrt-bygget på Nøstet og er slik lokalisert nært hovudtyngda av mediebedriftene i fylket. Denne tilleggsløyvinga rettar seg inn mot samlokaliseringa i MediaCity Bergen.
- E) Støtta skal først og fremst freiste å teste samarbeidsformer og løysingar som skal nyttast i MediaCity Bergen.

Klyngeutviklingsarbeidet i regi av MediArena har for viktig i utviklinga av denne klynga i Bergen og også for etableringa av MediaCity. Det blir lagt til grunn av dette arbeidet blir vidareutvikla og forsterka i NCE Media. Fylkesrådmannen rår til at NCE Media får støtte på kr 350 000 pr år for perioden 2015 til 2016 over HNH budsjettet. Ei eventuell vidareføring av støtta vert fremja til politisk handsaming når den første treårsevalueringa frå Innovasjon Noreg ligg føre.

NCE Maritime Clean Tech

Maritime CleanTech vart oppgradert frå ARENA programmet til NCE programmet i 2014. Maritime ClenTech vidarefører arbeidet frå ARENA prosjektet med å styrke klyngedeltakarane si konkurransekraft gjennom å utvikle løysingar for energieffektive, miljø- og klimavenlege aktivitetar. NCE Maritime CleanTech er forankra i Sunnhordland og består i dag av deltakarar frå heile den maritime verdikjeda i tillegg til kraftselskap frå Rogaland og Hordaland.

Fylkeskommunen har ikkje vore med i ARENA prosjektet, men blir nå invitert med som partner i NCE Maritime CleanTech. Fylkeskommunen sitt bidrag inn i klynga vil særskilt vere knytt opp mot klynga sine følgjande mål:

1. Styrke bedriftene i klynga si innovasjonsevne gjennom eit trippel-helix-innovasjonssamarbeid knytt til miljøvenleg og energieffektiv teknologi.

2. Styrke kunnskapsbasen til klynga gjennom aktivt medverke til etablering av relevante kompetanse- og utdanningsprogram.
3. Styrke klynga sin ressursbase gjennom å legge til rette for samarbeid med relevante aktører og andre næringsklynger.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- A) Å medverke til auka klyngeutvikling gjennom aktiv deltaking i klyngeprogramma er eit viktig innsatsområde i HNH.
- B) Støtta til prosjektet er nødvendig for å styrke den regionale profilen på prosjektet.
- C) Prosjektet skal styrke samspelet i trippel-helix
- D) Klyngeleiinga er lokalisert tett på store delar av klyngemedlemmane
- E) Støtta skal medverke til å styrke det regionale samarbeidet mellom trippel-helixaktørar.

Vurdering av støtte

Som ARENA prosjekt har Maritime CleanTech West vore ein avgjerande faktor for realisering av fleire større og viktige maritime prosjekt i fylket som til dømes batteriferje, framtidens kystfartøy og Urban Water Shutte. I tillegg har prosjektet vore ein viktig ressurs for utvikling av denne klynga. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette arbeidet blir forsterka og vidareutvikla gjennom NCE statusen.

Som partner i klyngeprosjektet får fylkeskommunen eit særskilt høve til å påverke og utforme klynga sin strategi for å sikre relevans, noko som kan sikre nytteverdi både for fylkeskommunen sjølv og for klynga som heilskap.

Fylkesrådmann rår til at NCE Maritime CleanTech får støtte over HNH budsjettet med kr 350 000 pr år i åra 2015-2016. Ei eventuell forlenging etter dette må handsamast politisk når evalueringa i regi av IN ligg føre.

Atheno, Industriutvikling Vest og Nyskapingsparken Inkubator.

Alle desse tre aktørane er med i SIVA sitt Inkubator program. Alle inkubatorane blir evaluert av SIVA etter ein 5 års periode. Noverande programperiode går ut for Atheno og Industriutvikling Vest i 2015, og for Nyskapingsparken i 2016. I samband med handsaminga av driftstøtte saka for 2014 (i februar 2014) vedtok fylkesutvalet å forlenge partnerskapsavtalene for alle tre inkubatorane ut dei respektive periodane med kr 1 300 000 pr år for Atheno, kr 700 000 pr år for Industriutvikling Vest og kr 900 000 pr år for Nyskapingsparken. Denne støtte er vidareført for 2015.

UPTIME Centre of Competence

Hordaland fylkeskommune har hatt ein partnerskapsavtale med UPTIME Centre of Competence heilt sida oppstart i 2012 med ei årleg støtte på kr 250 000 pr år. Denne avtalen har no vart i tre år og må vurderast på nytt. Fylkeskommunen har vore observatør i styret i denne perioden.

UPTIME har som mål å bli eit anerkjent kompetanse- og innovasjonsmiljø innafor industriell drift og vedlikehald, særleg knytt til bransjane petroleum og maritime. Senteret har i dag ca 15 bedrifter samt Høgskolen i Bergen, CMR og UIB som partnerar. I tillegg har NCE Subsea engasjert seg sterkt i oppbygginga av UPTIME.

I følgje samarbeidsavtalen med fylkeskommunen skal senteret fasilitere klyngesamarbeid, levere fagleg sterke tenester for medlemsbedriftene og utvikle kunnskap, teknologi og løysingar som kan stimulere til auka konkurransekraft. På desse områda har senteret gjort ein bra jobb med dei ressursane dei rår over og har mellom anna gjennomført fleire fagseminar, utviklingsprosjekt samt eit utdanningsprosjekt i samarbeid med HiB. Senteret har også vore ansvarleg for eit opent innovasjonsprosjekt (klynge til klynge prosjekt) sammen med NCE Subsea, Fiskeriforum Vest, Design Region Bergen, Maritimt forum og NCE Maritime CleanTech.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria

- A) Senterets fokusområder sammenfaller i stor grad med hovudprioriteringane i næringsplanen og HNH. Dette gjeld på områder innovasjon, klyngeutvikling og kompetansetiltak. UPTIME har hatt ansvaret for det einaste tiltaket innafor området Open innovasjon i Hordaland så langt. Denne typen prosjekt blir vurdert som viktige for å stimulere til kunnskapsbaserte innovasjonsprosessar på tvers av sektorar og bransjar.
- B) Partnerskapsmidlar frå industripartnarane og prosjektinntekter har vore hovudinntektskildane for senteret dei tre første åra. Den einaste offentlege støtta har vore partnerskapsmidlane frå fylkeskommunen. Søker påpeiker at så langt har fylkeskommunal støtte vore kritisk viktig for senteret og det er ingenting som tilseier at dette vil endre seg i neste periode.
- C) Søker peikar på at støtta frå fylkeskommunen gir rom for å jobbe med nettverksbygging i forhold til andre utviklingsaktørar i regionen. Utan slik støtte ville senteret mangla ressursar til denne typen arbeid.
- D) Senteret er i dag lokalisert saman med CMR som gir strategiske og faglege fordelar som er viktige for senteret og også grunnlag for administrativt samarbeid. Fylkeskommunal støtte vil ikkje påverke lokalisering eller administrative forhold.
- E) Senteret har så langt ikkje søkt om medlemskap i nasjonale program, men samarbeidet med CMR om ein SFI søknad i siste søknadsrunde. Søknaden frå CMR nådde ikkje opp i konkurransen.

Vurdering av støtte.

Senteret sin økonomi har vore sårbar dei tre første årane. Dette går delvis på å få etablert ein god prosjektportefølje med, men særleg på å få på plass tilfredsstillande basisfinansiering med partnerskapsmidlar frå næringslivet. Når senteret heller ikkje er med i nasjonale program som sikrar basisfinansiering blir dette utfordrande.

Dei fleste partneravtalane med bedriftspartnarane har også vore treårig og skal no fornyast ved inngangen til 2015. På grunn av dei krevjande tidene i petroleumssektoren ser senteret på dette som utfordrande.

Etter fylkesrådmannen si vurdering har senteret potensial til å bli eit viktig instrument for samarbeid og klyngeutvikling innafor drift og vedlikehald som er eit svært viktig område for fleire større sektorar i Hordaland og då særleg petroleumsnæringa og maritim sektor inkludert leverandørindustrien til desse sektorane. Sjølv om dei så langt har klart seg utan dei offentlege bidraga som følgjer av å delta i nasjonale klyngeprogram som til dømes Arenaprogrammet, tror fylkesrådmannen det på lang sikt blir vanskeleg å få til ei god utvikling utan slik deltaking. I partnerskapsavtalen vil det uansett bli stilt krav om at også øvrige partnarar bidrar ved tilstrekkeleg finansiering til å sikre vidare drift.

Støtte til senteret har til no vore finansiert over HNH budsjettet. Etter fylkesrådmannen si vurdering er UPTIME framleis i ein utviklingsfase noko som tilseier støtte framleis kan gis over HNH budsjettet. Eg tilrår difor at UPTIME får årleg støtte på kr 300 000 for åra 2015 og 2016. Dette vil også gje senteret tid til å få på plass ein langsiktig berekraftig basisfinansiering.

Nordhordland Næringshage.

Nordhordland Næringshage er med i det nasjonale næringshageprogrammet (SIVA, 2011-2020). I programmet vert det lagt vekt på innovasjon og nyskaping og å auke vekstpotensialet i målbedrifter, næringshagemiljøet skal vere lokalt nettverkssenter og pådrivar for kunnskapsbedrifter i regionen. Som ein del av det nasjonale næringshageprogrammet skal dei næringshagane som er med bli evaluert kvart tredje år mellom anna med sikte på å vurdere vidare deltaking i programmet.

Fylkesutvalet vedtok 13. oktober 2011 ein strategi for utvikling og drift av næringshagar i Hordaland. Som ein del av strategien har fylkeskommunen forplikta seg til ei støtte på kr 300.000 pr næringshage pr år så lenge næringshagen er med i næringshage programmet.

Nordhordland Næringshage vart etablert i 2012. Føremålet med etableringa er å bygge opp eit regionalt kompetanse- og utviklingsmiljø som kan bidra til at Nordhordland kan framstå som ein meir profesjonell, heilskapleg og synleg region med solide verksemdar. Næringshagen har særleg merksemd på opplevings- og reiselivsbaserte næringar. Næringshagen skal ha merksemd på forretnings- og produktutvikling og vere ein katalysator og verktøy for å utvikle meir profesjonelle næringsaktørar og meir heilskapelege opplevingsprodukt.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- a) Nordhordland næringshage er med i det nasjonale næringshageprogrammet og Hordaland Fylkeskommune si finansiering er i tråd med fylkeskommunen sin vedtekne strategi. Evaluering av næringshagen hausten 2014 viser at aktiviteten i Nordhordland Næringshage er tilfredsstillande og i tråd med krava i Næringshageprogrammet. Næringshagen sitt arbeid passar godt inn i hovudstrategi 1 i Regional Næringsplan for Hordaland – Meir entreprenørskap og innovasjon. Spesielt knytt til meir tilrettelegging for å hjelpe tidlegfase-selskap til å styrke sin kompetanse og nettverk, slik at dei kan realisere sitt vekstpotensiale.
- b) Finansieringsmodellen for næringshagar er at SIVA bidrar med 50% av driftstilskotet, at fylkeskommunen bidrar med 25% og at dei resterande 25% kjem får næringslivet. Driftstilskotet skal gi ein basis finansiering som sikrar at målbedriftene får den oppfølginga dei har krav på. Driftsstøtta frå fylkeskommunen er viktig for å oppretthalde aktiviteten i næringshagen.
- c) Nordhordland Næringshage er med i INUNET. Deltakinga her er eit viktig nettverk mellom dei som arbeider med etablerarar og inkubasjon i fylket. Driftstilskotet er eit viktig bidrag for at næringshagen kan delta i dette nettverket.
- d) Næringshagane skal tilby kontor slik at nyetablerte bedrifter får tilgang til fellesskap med andre nyetablertarar og felles ressursar i form av vanlege kontortjenester.
- e) Næringshageprogrammet og drifta av kvar næringshage er basert på eit samarbeid mellom SIVA og Fylkeskommunane. Opptak i næringshageprogrammet krev at prosjektet vert godkjent både av Fylkeskommunen og av SIVA.

Vurdering av støtte.

Evalueringa som vart gjennomført hausten 2014 viser at aktiviteten i Nordhordland Næringshage er tilfredsstillande og i tråd med krava i Næringshageprogrammet. Næringshagen ser også ut til å ha funne sin plass blant virkemiddelaktørane i regionen.

I tillegg til næringshagen støtter også SIVA og fylkeskommunen inkubatoren Industriutvikling Vest i same område. Fylkesrådmannen vil ta kontakt med SIVA og dei to aktørane for å få ei nærare avklaring av moglegheitane for ein betre og meir samordna ressursutnyttning i området.

Fylkesrådmannen tilrår årleg driftsstøtte over HNH budsjettet på kr 300.000 pr år treårs-perioden 2015-2017.

Næringshagane Gulen/Masfjorden og Voss

I tråd ved vedtatt strategi for næringshagar i Hordaland er desse to næringshagane tatt opp i programmet, foreløpig ut 2015. Voss næringshage mottar årleg støtte på kr 300 000, medan Gulen/Masfjorden næringshage er ein fylkesoverskridande næringshage som mottar kr 150 000 frå Sogn og Fjordane og kr 150 000 frå Hordaland.

Connect Vest

CONNECT Vest-Norge (CV) har sidan 2005 mottatt årleg tilskot frå fylkeskommunen for å utføra næringsretta utviklingsarbeid for Hordaland Fylkeskommune. Driftsstøtte til CV vart drøfta våren 2014 i fylkesutvalet, mellom anna på møte 20.05.2014. Det vart vedteke å tildele driftsstøtte for 2014, og at vidare driftsstøtte skulle handsamast saman med andre driftsstøtte saker og vurderast i samband med framtidige rammer avsett til regionalt utviklingsarbeid i Hordaland.

CONNECT er en non-profit medlemsorganisasjon som koplur saman gode idear og vekstselskap med ressurspersoner som har kommersialiseringserfaring innan ulike bransjar. CONNECT tilbyr vekstselskap med eit unikt konsept eller produkt, tilrettelagt hjelp og personlig tilgang til medlemsmassen sin kompetanse – utan kostnad for gründer eller vekstselskap. Målet er ei raskare utvikling av vekstbedrifter for dermed å skape fleire levedyktige bedrifter og arbeidsplassar. Tilgang til kompetanse, nettverk og kapital vert gitt gjennom ulike aktivitetar og prosessar. Alle delprosjekta har som grunnfilosofi at kontakt med næringslivskompetanse, investorar, potensielle kundar og samarbeidspartar styrkar vekstselskapa og gründerbedriftene sin evne til å lykkast.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- a) CV sine aktivitetar bidrar til fleire av innsatsområda i Regional Næringsplan for Hordaland. Gjennom bruk av verkty som Springbrett og investorforum bidrar dei til at gründerar kan realisere sitt verdiskapingspotensiale. Arrangement som Investorforum, Olje og gass partnerskap og Ceantech partnerskap bidrar med å skape nettverk mellom gründerverksemder og etablerte verksemder. Dei har også ei satsing på internasjonalisering der det er merksemd på å realisere internasjonalt potensial for bedrifter.
- b) Tilskotet til CV er viktig for drifta og bidrar til å styrke gründerarbeidet i fylket og sikre vekst i fleire sterke nyetablerte verksemder.
- c) CV samarbeider aktivitet med fleire av Næringshagane i fylket. Det har ført til at ein arrangerer springbrett i lokalsamfunna der gründeren held til. Dette peiker næringshagane på som svære verdifult.
- d) CV har kontor i Vil Vite senteret og er der samlokalisert med fleire andre utviklingsaktørar støtta av fylkeskommunen, mellom anna Nyskapsingsparken.
- e) CV er del av eit nasjonalt nettverk. Det er fem CONNECT-nettverk i Norge

Vurdering av støtte.

Ein av dei krevjande oppgåvene i arbeidet med gründerverksemder er å skape vekst. CV er eit tilbod til gründer og vekstbedrifter der dei får prøvd ut og drøfta sine utfordringar og til å styrke sin kompetanse og nettverk, slik at dei kan realisere sitt vekstpotensial.

Slik fylkesrådmannen vurderer det, er CV sitt tilbod er i hovudsak komplementært og ikkje overlappande til dei tilbod andre aktørar som inkubatorar, næringshagar, BRB og IN har til denne gruppa bedrifter. CV er difor med å gjere tilbodet til desse bedriftene betre og meir komplett.

Fylkesrådmann rår til at Connect Vest får støtte årleg støtte på kr 540 000 over HNH budsjettet for åra 2015-2017. Det vil bli oppretta ein partnerskapsavtale med CV.

Ungt entreprenørskap Hordaland.

Støtte til Ungt entreprenørskap blei handsama i samband med fylkesutvalet si vurdering av driftstøtte for 2014 i februar 2014. I den saka blei det vedtatt ei driftstøtte på kr 400 000 pr år for åra 2014 til 2016. Dette er ei vidareføring av dette vedtaket.

Maritimt Forum Bergensregionen, Design Region Bergen og Fiskeriforum Vest.

Fylkesutvalet vedtok i mars 2013 ei driftsstøtte på kr 500 000 til Maritimt forum Bergensregionen og til Design Region Bergen over RUP budsjettet. Samstundes blei det vedtatt ei tilleggsstøtte til Fiskeriforum Vest på kr 190 000 slik at også dei mottok totalt kr 500 000 i støtte frå fylkeskommunen. Då fylkesutvalet i februar 2014 handsama driftsstøtte for 2014, blei det vedtatt å forlenge denne støtta til alle dei tre aktørane for 2014 og 2015. Dette vedtaket er vidareført her.

Mediaregion Bergen

Mediebransjen i Bergen har oppretta ein vital medlems- og interesseorganisasjon for medieklynga i Bergen. Mediaregion Bergen skal arbeide for å styrke Bergen som medieby og ivareta felles interesser og oppgåver for medie- og teknologibedrifter og FoU-institusjonar, mellom anna gjennom å arbeide aktivt for auka samhandling, kunnskapsutvikling, innovasjon og vekst.

Fylkeskommunen har i to omgangar støtta til planlegging av organisasjonen, medan det no er snakk om meir driftsrelaterte kostnader i ein oppstartfase.

Mediaregion Bergen skal mellom anna legge til rette for høgare innovasjons- og forskingsaktivitet i medlemsbedriftene, skape internasjonale konkurransefortrinn for mediebedrifter i Bergen, legge til rette for betre ressursutnytting ved samlokalisering av mediebedriftene, og auke utviklinga av nye teknologiprodukt med marknadspotensial. Viktig er òg arbeidet med å vidareføre TV2 og Vizrt sine hovudkontor i Bergen. Media Region Bergen kan slik medverke til å oppfylle mål i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland både innanfor innovasjon og entreprenørskap, og innafor hovudstrategien kompetanse og utdanning.

Vurdering i høve til prioriteringskriteria.

- a) Å medverke til auka klyngeutvikling mellom anna gjennom sterke nettverksorganisasjonar, og å fremje meir samarbeid mellom FoU-miljøa og næringslivet er viktige innsatsområde i HNH, noko Mediaregion Bergen har mål om å medverke til.
- b) Media Region Bergen si verksemd er avhengig av fylkeskommunen sitt bidrag dei første åra etter etablering, for å styrke aktivitetane inn mot MediaCity Bergen.
- c) Mediaregion Bergen skal legge til rette for samlokalisering av mediebedrifter i MediaCity Bergen for å få betre ressursutnytting mellom bedriftene. I MediaCity Bergen skal ein òg Universitetet i Bergen si medieutdanning lokaliserast.
- d) Støtta skal medverke til realisering av MediaCity Bergen som skal samlokalisere medieaktørane i Hordaland.

Vurdering av støtte.

Etter fylkesrådmannen sitt syn er Mediaregion Bergen er eit viktig grep for å styrke arbeidet inn mot etableringa av MediaCity Bergen. Organisasjonen legg opp til eit årleg budsjett på mellom 2,3 mill.kr og 2,8 mill. kr, og er i hovudsak finansiert gjennom Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og

medlemsavgifter fra mediebedriftene. Dei har som mål å vere sjølvfinansiert ved innflyttinga til MediaCity Bergen i 2017, og beløpet som det vert søkt om frå Fylkeskommunen vert difor redusert gjennom treårsperioden. Det vert søkt støtte frå Hordaland fylkeskommune på kr 500 000 i 2015, kr 450 000 i 2016 og kr 350 000 i 2017.

Fylkesrådmannen rår til at Mediaregion Bergen får støtte over HNH budsjettet i åra 2015-2017 med kr 500 000 i 2015, kr 450 000 i 2016 og kr 350 000 i 2017.